



# Arkeologiske registreringar

Værlandet Ferjekai, gnr. 60, bnr. 20 m.fl.  
Askvoll kommune

Rapport 47 – 2025

# Forord

Vestland fylkeskommune er regionalt kulturminnemynde og gjennomfører arkeologiske registreringar i samband med plansaker og tiltak. Registreringane vert utført på vegne av tiltakshavar for å oppfylle tiltakshavar sin undersøkingsplikt av § 9 i Lov om kulturminne. Jf. undersøkingsplikta er tiltakshavar ved større offentlege eller private planar og tiltak pliktig til å undersøke om planen eller tiltaket kan råke ved automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 4.

# Innhald

<b>1. Samandrag</b> .....	<b>4</b>
<b>2. Bakgrunn</b> .....	<b>5</b>
<b>3. Kulturminne og kulturmiljø</b> .....	<b>7</b>
<b>4. Metode</b> .....	<b>8</b>
<b>5. Områdeskildring</b> .....	<b>10</b>
5.1 Landskap og topografi .....	10
5.2 Kjente funn og tidlegare registreringar.....	10
<b>6. Registreringa</b> .....	<b>11</b>
6.1 Resultat.....	13
6.1.1 Askeladden id. 336153 – Værlandet 1 – Busettingsspor frå neolitikum .....	14
6.1.2 Askeladden id. 336156 – Værlandet 2 – Busettingsspor frå eldre jernalder.....	21
6.2 Funnstader .....	29
6.2.1 Askeladden id. 336158 .....	29
6.2.2 Askeladden id. 336180.....	32
<b>7. Tolking</b> .....	<b>36</b>
<b>8. Oppsummering</b> .....	<b>36</b>
<b>Litteratur</b> .....	<b>37</b>
<b>Vedlegg</b> .....	<b>38</b>
A. Sjaktliste.....	38
B. Prøvestikklister.....	40
C. Funnliste.....	0
D. Dateringsrapport.....	0

# Figurliste

Figur 1 Varslingsgrense mottatt frå tiltakshavar .....	5
Figur 2 Planområdet er området kring eksisterande ferjekai på Værlandet.....	6
Figur 3 Strandlinjekurve for Værlandet (Pedersen 2022, s. 67).....	9
Figur 4 Dronefoto mot NV. Plangrense omtrentleg teikna inn.....	10
Figur 5 Heile planområdet med alle sjaktene nummerert.....	12
Figur 6 Heile planområdet med alle prøvestikk nummerert.....	12
Figur 7 Gravemaskin og arkeolog i soloppgang. Søk etter littisk materiale under graving. ....	13
Figur 8 Utsnitt frå Askeladden som syner alle lokalitetane som vart påvist.....	14
Figur 9 Kart over innmålingar i lokalitet 336153, sjaktene 14, 15 og 16.. ..	15
Figur 10 Kart henta frå Askeladden av id 336153. ....	15
Figur 11 Sjakt 14. Antall funn ført på med raude siffer. ....	16
Figur 12 Profilvegg i sjakt 14.....	17
Figur 13 Sørveggen i Sjakt 14 i den vestre delen av sjakta .....	18
Figur 14 Prøvestikk LJB1 .....	18
Figur 15 Profilvegg i søraustleg hjørne i sjakt 15, mot aust.....	20
Figur 16 Sjakt 16. Antall funn ført på med raude siffer. ....	20
Figur 17 Profilvegg i sjakt 16, nordre vegg .....	21
Figur 18 Oversikt over lokalitet 336156.....	22
Figur 19 Dronefoto av lokalitet 336156 tatt mot sør. Funnførande sjakter er 9 og 11 .....	22
Figur 20 Med raud stipla linje er ein meir sannsynleg trase for vassleidning.....	23
Figur 21 Profilvegg i sjakt 9 .....	24
Figur 22 Sjakt 9 med strukturar.....	24
Figur 23 Strukturar i sjakt 9. S1 tv og S2 th. Foto mot vest.....	25
Figur 24 S1 snitta. Foto mot aust.....	26
Figur 25 Struktur 3 i sjakt 9. foto mot vest .....	26
Figur 26 Struktur 4 i sjakt 9. foto mot sør.....	27
Figur 27 Nordleg profilvegg i den austre delen av sjakt 11. X syner uttak av trekolprøve.....	28
Figur 28 Pilene syner funnstadane utan fredning. ....	29
Figur 29 Alle funna frå sjakt 13 .....	30
Figur 30 Sjakt 13 sett mot sør-søraust. ....	30
Figur 31 Oversikt over sjakt 13.....	31
Figur 32 Teikning av profil i nordre del av sjakt 13 .....	31
Figur 33 Bilete av profil i nordre del av sjakt 13 .....	32
Figur 34 Avslag funne i sjakt 3 .....	33
Figur 35 Kart over funnsituasjonen, lokalitet id 336180.....	33
Figur 36 Profilvegg i austleg profilvegg i sjakt 3, like ved der funnet vart gjort.....	34
Figur 37 Teikning av profilvegg i sjakt 3 .....	34
Figur 38 Raud markør plassert der avslaget vart funne .....	35
Figur 39 Sjakt 3 etter utviding. Foto mot nord .....	35


# 1. Samandrag

Seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune har gjennomført ei arkeologisk registrering i samband med reguleringsplan for fv. 5662, Værlandet ferjekai i Askvoll kommune. Registreringa vart utført av Ragnhild Egeland Torp, Andrea Skrede og Lars Jølle Berge mellom 27. og 31.10.2025. Gravemaskin var levert av Myklebust Maskin, maskinførar var Kurt Myklebust. Etterarbeidet og rapport er utført av Lars Jølle Berge.

Det vart funne to automatisk freda lokalitetar under registreringa: ein steinalderbuplass (Askeladden id. 336153) og eit aktivitetsområde frå eldre jernalder (Askeladden id. 336156). I tillegg vart det funne to steinalderlokalitetar utan vern. Desse har Askeladden id 336158 og 336180.

## 2. Bakgrunn

Bakgrunnen for den arkeologiske registreringa er forslag til regulering for fv. 5662, Værlandet ferjekai i Askvoll kommune. Oppstart av planarbeidet vart varsla i brev datert 13.05.2025. På bakgrunn av dei topografiske forholda, vart planområdet vurdert til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Vestland fylkeskommune varsla difor arkeologisk registrering i brev datert 09.07.2025. Saksnummer i saka er 2025/1183.



Figur 1 Varslingsgrense mottatt frå tiltakshavar



Figur 2 Planområdet er området kring eksisterande ferjekai på Værlandet

# 3. Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminnelova (1978) §2 definerer omgrepa «kulturminne» og «kulturmiljø». *Kulturminne* er «alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til». *Kulturmiljø* er «områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet og sammenheng».

Gjennom kulturminnelova er kulturminne frå førhistorisk tid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne frå før år 1917 automatisk freda. Lova inneheld også eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminnelova § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda.

Askeladden (*askeladden.ra.no*) er Riksantikvaren sin database over freda kulturminne og kulturmiljø. Den opne publikumsportalen for databasen finst på *kulturminnesok.no*.

Det er utarbeidd kronologiar med periodeinndelingar av førhistorisk tid og mellomalder i Noreg. Tabellen nedanfor viser desse, både i karbonalder, og kalenderår (kalibrert BC/AD)

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 000 – 9000 BP	9500 – 8200 BC
	Mellommesolitikum (MM)	9000 – 7500 BP	8200 – 6300 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7500 – 5200 BP	6300 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidlegneolitikum (TN)	5200 – 4700 BP	4000 – 3500 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3500 – 2700 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3900 BP	2700 – 2350 BC
	Seinneolitikum (SN)	3900 – 3400 BP	2350 – 1700 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3400 – 2900 BP	1700 – 1100 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 – 2430 BP	1100 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2430 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1650 BP	1 – 400 AD
	Folkevandringstid	1650 – 1500/1510 BP	400 – 560/570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500/1510 – 1200 BP	560/570 – 800 AD
	Vikingtid	1200 – 970 BP	800 – 1030 AD
Mellomalder	Tidleg mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD
Nyare tid			1537 AD -

# 4. Metode

Arkeologar nyttar ulike metodar for å finne automatisk freda kulturminne. Val av metode avheng av topografien, høgda over havet og kva type kulturminne ein forventar å finne.

Ved *prøvestikking* sonderer arkeologane fyrst med eit jordbørr etter lausmassar. Ved påvising av lausmassar grev ein så prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store. Dei oppgravne massane vert vassålda i såld med 4 millimeter maskevidde. Prøvestikking vert særleg nytta for å påvise spor frå steinalderen.


Ved *maskinell sjakting* vert gravemaskin nytta. Maskina fjernar jordlaga over undergrunnen. Arkeologane følgjer maskina og reinsar fram den avdekka flata for å påvise spor etter forhistorisk aktivitet. Ved registreringa vert det opna opp søkesjakter i kring tre meters breidde og i varierende lengde. Metoden vert oftast nytta på stader ein forventar å finne spor frå jordbrukande tid, eller der eventuelle steinalderlokalitetar ligg for djupt til å nå med spade.

Funn, lag og strukturar tidfestast på bakgrunn av etablerte kronologiar (*typologisk* datering) og/eller ved radiokarbondatering (*<sup>14</sup>C-datering*). Ved <sup>14</sup>C-datering samlast det inn prøver frå lag og strukturer, som vert sendt til laboratorium for analyse etter avslutta feltarbeid.

Under denne registreringa vart det prøvestikke og sjakta maskinelt. Det vart også nytta ein kombinasjon av dei to metodane då det vart prøvesikke i sjaktene.

For delar av fylket er det utarbeidd strandlinjekurver som viser førhistoriske havnivå (Pedersen 2022). Desse nyttast når ein vurderer kvar ein kan vente å finne arkeologiske spor frå ulike periodar. Dei er også til særleg hjelp ved datering av lokalitetar frå eldre steinalder, då desse oftast låg heilt i vasskanten.

Alle opna prøvestikk og sjakter er målt inn med CPOS. Påviste automatisk freda kulturminne vert dokumentert med CPOS-innmåling, foto og teikningar.



Figur 3 Strandlinjekurve for Værlandet (Pedersen 2022, s. 67)

# 5. Områdeskildring

## 5.1 Landskap og topografi

Planområdet er arealet kring eksisterande ferjekai, heilt aust på Værlandet i Askvoll kommune. Planområdet strekk seg om lag 300 meter innover landskapet. Det meste av arealet er graskledd slåttemark med små knausar med spreidd busetjing i nord, aust og vest. Generelt har marka ei svak helling nedover mot sør, men sentralt i planområdet er marka heilt slett og fuktig. På slåttemarka har det heilt fram mot moderne tid vore tatt ut torv til brensel. Det vil sei at marka som i dag framstår som slåttemark fram til nyleg har vore dekkja av tjukk torv. Tvers gjennom planområdet frå aust mot vest går bilvegen ned til ferjeleiet.



Figur 4 Dronefoto mot NV. Plangrense omtrentleg teikna inn.

## 5.2 Kjente funn og tidlegare registreringar

Det var ingen kjende, førreformatoriske lokalitetar på Værlandet før registreringa tok til. I løpet av registreringa vart vi av lokale fortalt om arkeologiske funn som hadde blitt gjort «for lenge sidan» kring Båtekletten og Høgekletten, to av fjella som ligg sør på Værlandet.

I etterkant av registreringa vart denne informasjonen søkt opp i topografisk arkiv. Lokalitetane med id. 336513 og 336534 har seinare vorte oppretta utifrå denne informasjonen. 336513 er basert på ei trinnøks som vart funne i 1918 og har ein relativ plassering på kartet. 336534 er basert på eit prøvestikk grave i ein heller i 1967 av magistergradstudent Kristian Jansen. Her vart det funne kulturlag frå steinalderen. Også denne kartfestinga er noko relativ, men den er truleg noko meir nøyaktig enn 336513.

# 6. Registreringa

Ragnhild Egeland Torp, Andrea Skrede og Lars Jølle Berge gjennomførte registreringa i veke 44, 27.-31. oktober 2025. Det var flott vær under heile registreringa på godt og vondt. Den skarpe skråsola satt enkelte av premissa for plassering av gravemaskina, sidan maskinførar ikkje kunne jobbe i direkte motlys. Dokumentasjon av profilveggar måtte gjerast på rett tid av dagen for å ha enten komplett skugge eller komplett direkte sol.


Det vart starta å sjakte med gravemaskin nede på flata sentralt i planområdet, om lag 5 moh samstundes som det vart grave prøvestikk litt høgare oppe i landskapet. Dette vart gjort for å effektivisere bruken av gravemaskin og samstundes fange opp eventuelle steinalderbusetjingar i prøvestikk, og med det skåne dei frå gravemaskin.

Før vi kom til Værlandet hadde vi fått opplysingar om at det var drive med torvuttak i planområdet. Innmarka som utgjer mesteparten av planområdet er altså i realiteten ei tidlegare torvmyr. Med det minskar potensialet for å finne kulturminne i form av busetjingar frå jernalder og mellomalder, i alle fall i dei fuktigaste areala. Potensialet for å finne busetjingar frå steinalderen og bronsealderen var likevel til stades sidan ein del av dei tjukke myrlaga i slike område vart danna etter bronsealderen.

Innmålingar og fotodokumentasjon vart gjort med mobiltelefon. På dag to av registreringa kollapsa underteikna sin mobiltelefon. Noko fotodokumentasjon frå dei første sjaktene gjekk då tapt.


I sjakt 3 vart det på eit tidleg stadium i registreringa funne eit flintavslag i ein kontekst som vart tolka som tidleg- eller mellommesolittisk. Det vart nytta fleire dagsverk på å få klarheit i denne konteksten. Dette resulterte i Askeladden id. 336180.

Det vart grave 20 prøvestikk og 18 sjakter. To av prøvestikka er funnførande. Sju av sjaktene er funnførande. Det vart sendt inn to dateringsprøver, baa to frå lokalitet 336156, baa to med resultat til eldre jernalder.




**Teiknforklaring**

- |             |                       |               |                    |
|-------------|-----------------------|---------------|--------------------|
| Kabeltrase  | Kolflekk/uspesifisert | Sjakt Positiv | Prøvestikk negativ |
| Vassledning | Veite                 | kum           | Prøvestikk positiv |
| Avløp       | Sjakt Negativ         | Funn          | Plangrenser        |



Figur 5 Heile planområdet med alle sjaktene nummerert



**Teiknforklaring**

- |             |                       |               |                    |
|-------------|-----------------------|---------------|--------------------|
| Kabeltrase  | Kolflekk/uspesifisert | Sjakt Positiv | Prøvestikk negativ |
| Vassledning | Veite                 | kum           | Prøvestikk positiv |
| Avløp       | Sjakt Negativ         | Funn          | Plangrenser        |



Figur 6 Heile planområdet med alle prøvestikk nummerert



Figur 7 Gravemaskin og arkeolog i soloppgang. Søk etter littisk materiale under graving.


## 6.1 Resultat

Det vart funne fire lokalitetar under registreringa. To av desse er automatisk freda og har Askeladden id. 336153 og 336156. I tillegg er det registrert to lausfunn-lokalitetar med Askeladden id. 336158 og 336180.

To av prøvestikka genererte funn. Sju av sjaktene er funnførande, i seks av dei er det funne littisk materiale.

Det vart sendt inn to prøver til datering. Båe dateringsprøvene er frå lokalitet 336156, og båe dateringane syner til aktivitetar i eldre jernalder, høvesvis førromersk jernalder og romartid.


Prøvenummer	Kontekst	Betanr.	Dateringsresultat
<b>336156KP1</b>	Sirkulær struktur	788099	309-412 AD (67,7%) 250-295 AD (27,7%)
<b>336156KP2</b>	Fossilt dyrkingslag	788100	362-149 BC (94,2%) 130-119 BC (1,2%)



Figur 8 Utsnitt frå Askeladden som syner alle lokalitetane som vart påvist under registreringa

### 6.1.1 Askeladden id. 336153 – Værlandet 1 – Busettingsspor frå neolitikum

Denne lokaliteten ligg 6-10 moh heilt nord i planområdet. Størstedelen av lokaliteten er på gbnr 60/19, medan den strekk seg litt inn på 60/18. Truleg held lokaliteten fram ut av planområdet i nord. Lokaliteten ligg på ei beitemark nord for vegen som går til ferjekaia. Utan sikringssone er lokaliteten 1454 m<sup>2</sup> stor, med sikringssone er den 2383 m<sup>2</sup>. Sjaktene 14, 15 og 16, samt prøvestikka RET1, RET2 og LJB1 er grave innanfor lokalitetsavgrensinga. Samtlege av sjaktene er funnførande. RET1 er det einaste negative prøvetikket. Funna som er gjort er neolittiske, truleg frå tidleg neolitikum.



Figur 9 Kart over innmålinger i lokalitet 336153, sjaktene 14, 15 og 16. Dei grønne linjene som strekk seg gjennom heile kartet er strømkablar.



Figur 10 Kart henta frå Askeladden av id 336153.


Ein svakt synleg terrasse i terrenget er truleg det definerande landskapstrekket for lokaliteten. Sjakt 14 er grave oppå, langsetter terrassen og genererte bra med funn. Sjakt 15 er grave litt i bakkant, innpå terrassen, heilt tett innpå plangrensa. Her er det også funn, men i mindre omfang. Sjakt 16 er grave litt i nedkant for terrassen, ein liten halv høgdemeter

nedanfor sjakt 14, på ei turr, lita flate. Her vart det også gjort funn, og også her i beskjeden omfang. Terrassen, og truleg ytre, sørleg del av terrassen er truleg arealet som har vore mest intensivt nytta som aktivitetsområde.

Det er fleire eksponerte bergknausar rundt om, og delvis innanfor lokaliteten. Mot vest er avgrensinga definert av eit sauegjerde ut mot fuktigare, kratt- og lyngkledd terreng. Her går eit fall ned mot ein bekk. Det er uvisst om dette er den naturlege gangen for bekken eller om den er forma av inngrep i terrenget. Mot sør er lokaliteten avbroten og truleg forstyrra av bilvegen som går aust-vestover mot ferjekaia og ein trafostasjon som ligg tett på vegen. Mot aust er avgrensinga definert av topografiske element og observasjonar gjort i sjakt 14. Mot nord ventast det at lokaliteten held fram ut av planområdet.

### Sjakt 14:

Det vart relativt raskt funne littisk materiale i sjakta. Strategien vart å fjerne matjorda bortover, og deretter seksjonere inn sjakta i om lag fire meters lengder. Kvar seksjon fekk ein bokstav A-K. Sjakta vart deretter gjennomført etter littisk materiale i overflata, og materialet vart samla i samleposar fordelt på dei ulike seksjonane. Funna vart gjort i overgangen mellom torva og singel-laget. Torva flaka seg enkelt av og skapte eit reint skilje ned til singelen utan å forstyrre den nemneverdig. Torva vart plassert opp-ned ved sidan av sjakta så den kunne undersøkast for funn. Alle funna er gjort i sjakta, og med unntak av funna frå LJB1 er alle funna gjort i den øvste skorpa av singelen i sjakta.



Figur 11 Sjakt 14. Antall funn ført på med raude siffer. Her er funna frå prøvestikka slått saman med overflatesøk.

I seksjon F vart det funne tre gjenstandar i ein omkrets på ein kvadrant. Her vart prøvestikket LJB1 grave. Det vart vidare funne to gjenstandar nedover i dette prøvestikket.

I den austlegaste seksjonen – K, vart massane fuktigare og torvmassane djupare. Terrenget under markoverflate skråna meir nedover mot aust-søraust enn det som er synleg på markflata. Utifrå høgdekotene i kartet stemmer dette ganske greitt med at vi kan ha styrt sjakta ut av terrassen der aktivitetane har skjedd.


Det vart grave ein djup profilvegg i sørveggen i den vestlege delen av sjakta. Stratigrafien er som følger:

Lag 1. 0-10 cm: torv

Lag 2. 10-40 cm: Vassrulla singel med spreidd, humøs silt. Laget verkar laust når ein grev det med maskin, men er svært vanskeleg å grave seg gjennom med spade. Generelt i sjakta er det funn i toppen og litt nedover i dette laget.

Lag 3. 40-95 cm: Litt større, vassrulla steinar enn i laget over. Innslag av litt silt, men ikkje organisk. Rustutfelling.


Berg i botn.



Figur 12 Profilvegg i sjakt 14



Figur 13 Sørveggen i Sjakt 14 i den vestre delen av sjakta



Figur 14 Prøvestikk LJB1

#### Stratigrafi i LJB1:

Lag 1. 0-17 cm: Homogen torv. Fast, kompakt og mørkebrun.

Lag 2. 17- 21 cm: kompakt, mørkebrun til svart, humøs silt.

Lag 3. 21-33 cm: Vassrulla singel. Laget er porøst, men tettpakka (verkar «satt»). Noko humøs silt.

Lag 4. 33-40 cm: (fortset nedover) Kompakt, vassrulla singel, noko mindre stein innimellom.

#### Sjakt 15:

Denne sjakta er lagt heilt opp mot plangrensa mot nord, noko i bakkant av antatt tapesvoll og rett vest for ein liten eksponert bergknaus. I toppen av stratigrafien er det funne ein del moderne skrot som vitnar om aktivitetar på 17-1900- talet.

Det vart reinska opp ein profilvegg i det austlege sjakteprofillet i det søraustlege hjørnet i sjakta. Her ser vi:

Lag 1. 0-5 cm: torv.

Lag 2. 5-15 cm: homogen, kompakt humus.

Lag 3. 15-30 cm: Småsteinhaldig silt. Silten verkar ikkje humøs. Enkelte større steinar innimellom.

Lag 4. 30-42 cm: Laus, porøs singel. Noko silt innimellom.

Berg under. Alle steinane i sjakta framstår som vassrulla.






Figur 15 Profilvegg i søraustleg hjørne i sjakt 15, mot aust.

### Sjakt 16:

Denne sjakta er lagt i nedkant for antatt tapesvoll, like nord for ein eksponert bergknaus. I den nordvestlege delen av sjakta er det berg direkte under torva. I resten av sjakta er det singel. Sjakta er delt inn i to seksjonar, A og B. Det vart søkt etter littisk materiale i flata av sjakta og funna er relatert til sin respektive seksjon.



Figur 16 Sjakt 16. Antall funn ført på med raude siffer.



Figur 17 Profilvegg i sjakt 16, nordre vegg.

#### Profilvegg i sjakt 16:

Lag 1. 0-10 cm: torv


Lag 2. 10-18 cm: mørkebrun, humushaldig silt. Noko mørkare i botn av laget.

Lag 3. 18-26 cm: mørkebrun singel med grus og silt. Funn i dette laget.

### 6.1.2 Askeladden id. 336156 – Værlandet 2 – Busettingsspor frå eldre jernalder

Denne lokaliteten ligg 6-9 moh, aust i planområdet. Størstedelen av lokaliteten er på gbnr. 60/20, medan den strekk seg litt inn på 60/153. Lokaliteten ligg på ei beitemark sør for vegen som går til ferjekaia, vest for nokre markante bergknausar. Han ligg på ei lita høgd i landskapet med bergknausar mot aust og sørvest. I den austre delen av lokaliteten er det funne littisk materiale og strukturar. I den vestlege delen av lokaliteten er det funne dyrkingslag. Mot vest er ei slak helling ned mot den sentrale flata i planområdet. Utan sikringssone er lokaliteten 532 m<sup>2</sup> stor, med sikringssone er den 1056 m<sup>2</sup>. Sjaktene 9 og 11 er grave innanfor lokalitetsavgrensinga, både sjaktene er funnførande.

Det littiske materialet er funne rett under torva, i toppen av singellaget. Strukturane er funne i laget under dette. Difor vart det tenkt at strukturane kunne stamme frå eldre steinalder og at singelen kunne vere eit resultat av enten tapestransgresjonen eller Storeggetsunamien. Dateringsresultat til eldre jernalder motbeviser dette.




Figur 18 Oversikt over lokalitet 336156



Figur 19 Dronefoto av lokalitet 336156 tatt mot sør. Funnførnde sjakter er 9 og 11

Vi vart fortalt om ein vassleidning som går tvers gjennom lokaliteten. Sjaktene vart plasserte i god avstand til kor denne skulle ligge, men den vart likevel råka på i sjaktene 6 og 8, to av dei negative, avgrensande sjaktene.



Figur 20 Med raud stipla linje er ein meir sannsynleg trase for vassleidningen skissert på bakgrunn av observasjonar i sjaktene.

Stratigrafien er som elles i området; skrin matjord og torv over eit porøst, vassrulla singel-lag. Under dette er det i sjakt 9 kompakt sand og grus. I sjakt 11 er det eit dyrkingslag under steinlaget og eit kompakt sand- og gruslag under dette igjen.

### Sjakt 9:

I sjakt 9 vart først torva skrelt av, og den porøse singelen vart undersøkt for struktur og littisk materiale. Det vart funne 3 bitar flint, kor av ein eldflint. Ingenting av dette verka diagnostisk relaterbart til steinalderaktivitetar. Singel-laget vart forsiktig fjerna med gravemaskin medan det kontinuerleg vart søkt etter meir littisk materiale. Då singelen til slutt var fjerna kom vi ned på eit svært kompakt grus og silt-lag. I dette laget kom det struktur til syne.

### Stratigrafi i sjakt 9:

Lag 1. 0-8 cm: torv.

Lag 2. 8-18 cm: mørk, gråbrun humøs silt.


Lag 3. 18-40 cm: mørkegrå singel med innslag av silt. Funn av littisk materiale i toppen av dette laget.

Lag 4. 40- cm: Veldig kompakt lag bestående av småstein og silt. Funn av struktur i dette laget.

Teikning av profilet i sjakt 9 manglar.



Figur 21 Profilvegg i sjakt 9



Figur 22 Sjakt 9 med strukturar.

I retrospekt vert strukturane tolka som at dei i realiteten høyrer til det overliggande singel-laget, men at dei ikkje vart synlege før ein kom ned i andre massar. Altså at strukturane gjekk i eitt med singel-laget.

Det vart funne fire strukturar, tre av dei sirkulære og ein avlang. Då desse vart funne, følgde vi ein logikk som gjekk ut på at strukturane ligg under ein singel som kom til ved auka havnivå for kring 8000 år sidan og at funn under singelen per definisjon er eldre enn dette.

Strukturane vart difor i felt tolka som tidleg/mellommesolittiske

S2 har ein tilnærma svart farge og ein sirkulær form med storleik 65x50 cm. Det er enkelte små trekolbitar og veldig store mengder trekolstøv i silt.

S1 er sirkulær og har ein storleik på 70x75 cm. Den har store mengder med store trekolbitar og lommer med brent silt med lys oransje farge. Over alt i strukturen er det centimeterstore, tynne skorper av kvitt, lett oppløyselig materiale. Dette materialet kan moglegvis vere restar etter bein eller tenner.

S1 vart snitta. Den er berre 5 cm djup, men trekol, brent silt og det kvite materialet er synleg gjennom heile snittet. Det vart henta ut trekol frå snittet som daterast til 309-412 AD med 67,7% sannsyn, altså til yngre romartid.



Figur 23 Strukturar i sjakt 9. S1 tv og S2 th. Foto mot vest



Figur 24 S1 snitta. Foto mot aust.

S3 måler 50x60 cm i flate. Det kan hende at strukturen fortset litt ut av sjakta mot vest. Massane er tilnærma svart, svært kompakt silt med innslag av småstein. Ubestemmeleg form, men tydeleg fyllskifte og avgrensing mot undergrunnen.



Figur 25 Struktur 3 i sjakt 9. foto mot vest

Struktur 4 er eit avlangt trekolhaldig fyllskift. Strukturen ligg akkurat på eit knekkpunkt i sjakta det undergrunnsmassane enten skiftar opptreden til grovare singel eller heller markant nedover mot sør. Truleg er det det siste som er tilfelle, og at det ikkje er grave heilt ned til undergrunnen akkurat her og at ikkje heile strukturen er avdekka.

Strukturen framstår som eit tydeleg fyllskifte med ubestemmeleg form. Massane er kompakt, tilnærma svart silt. Storleiken er om lag 20x90 cm. Nord for strukturen er det svært kompakt, mørkebrun grus og silt. Sør for strukturen er det større steinar/singel med mørk gråleg farge.



Figur 26 Struktur 4 i sjakt 9. foto mot sør

#### Sjakt 11:

Sjakt 11 er grave nedover frå flata der sjakt 9 ligg, mot innmarka sentralt i planområdet. Her er ei slak helling i terrenget. Det vart funne eit fossilt dyrkingslag i den øvre, austlege delen av sjakta. Dette ligg under torv, myrjord og eit lag med porøs singel. Under dyrkingslaget er det også singel, men meir kompakt.

Det fossile dyrkingslaget daterast til 362-149 f.Kr med 94,2% sannsyn. Dyrkingslaget opptreer noko stykkvis innanfor lagutstrekkinga som er målt inn. Fleire plassar er det funne brente beinfragment i laget.



Figur 27 Nordleg profilvegg i den austre delen av sjakt 11. X syner uttak av trekolprøve.

#### Stratigrafi i sjakt 11:

Lag 1. 0-10 cm: torv.

Lag 2. 10-23 cm: Mørkebrun singel og småstein med innslag av silt.


Lag 3. 23-40 cm: Mørkegrå singel og grus.

Lag 4. 40-54 cm: Mørkegrå til svart singel og grus med store mengder trekol.

Lag 5. 54-62 cm: Veldig kompakt singel og grus. Dette laget fortset nedover.

## 6.2 Funnstader


To stadar er det oppretta funnstadar som av ulike grunnar ikkje har fredning og er registrert utan vern. Desse lokalitetane har id 336158 og 336180. Båe lokalitetane er oppretta på bakgrunn av funn av littisk materiale.



Figur 28 Pilene syner funnstadane utan fredning.

### 6.2.1 Askeladden id. 336158

Lokaliteten ligg 6-7 moh i tilnærma flatt terreng i utkanten og litt i overkant av og like vest for den store innmarka sentralt i planområdet. Her er det funne littisk materiale spreidd utigjennom vestre dela av sjakt 13. Materialet er tydeleg neolittisk i utforminga, truleg tidleg neolittisk.




Figur 29 Alle funna frå sjakt 13

Topografien tilseier at det heilt fint kan ligge ein lokalitet i nærleiken her. Det er ok skjerming for fleire vindretningar og gode hamneforhold. Lokaliteten ligg moglegvis litt lågt i terrenget samanlikna med 336153 som har ein sikrare kontekst, men vi kjenner for lite til strandlinjekurvane her for å kunne bruke dette som eit sikkert parameter.




Figur 30 Sjakt 13 sett mot sør-søraust. Veite markert med raudt. Dokumentert profilvegg markert med blått. Funnutstrekking markert med gult.



Figur 31 Oversikt over sjakt 13. Her er halve sjakta markert som grøn, det er arealet der det er gjort funn.

Grunnen til at denne lokaliteten ikkje har fått ein vern er at funna ligg på feil plass stratigrafisk. Funna ligg i eit veldig skrint grus/singel-lag like under torva. Under dette gruslaget er det kompakt humus, restar etter ei myrjord, og under dette er eit singel-lag. Funna tolkast med det som redeponerte.



Figur 32 Teikning av profil i nordre del av sjakt 13



Figur 33 Bilete av profil i nordre del av sjakt 13

#### Stratigrafi i nordre profilvegg i sjakt 13:

Lag 1. 0-10 cm: torv.

Lag 2. 10-12/14 cm: skrint lag med småstein og singel. Funn i dette laget.

Lag 3. 12/14- ca 25 cm: veldig mørk gråbrun humøs og kompakt silt (gamal myrtorv).


Lag 4. 25-45 cm: mørkegrå/svart, trekolspetta, silta grus med mykje småstein.

Lag 5. 45 cm og nedover: grå singel, gradvis finare nedover.


Det er fleire årsaker til at funna kan vere redeponerte. Den mest nærliggande årsaka er husbygging like i nærleiken, og at oppgravne massar har blitt spreidd utover bøen. Elles har det og vore henta ut torv ifrå heile landskapet her, noko som også kan ha ført til ei redeponering av funna.

### 6.2.2 Askeladden id. 336180

Denne lokaliteten ligg 5-6 moh. Her vart det tidleg i registreringa gjort funn av littisk materiale i form av eitt avslag i sjakt 3. Avslaget vart funne under singel-laget som finns i heile planområdet, og vart med det tolka til å vere tidlegneolittisk. Lokaliteten ligg rett sør for bilvegen som går ut til ferjekaia, rett i nedkant for ein eksponert bergknaus.



Figur 34 Avslag funne i sjakt 3



Figur 35 Kart over funnsituasjonen, lokalitet id 336180

Austleg profilvegg i sjakt 3:

Lag 1. 0-12 cm: torv.


Lag 2. 12-40 cm: Mørkebrun sand og singel.

Lag 3. 40-46 cm: mørkebrun, kompakt sand og silt. Funn i toppen av dette laget.

Berg/jordfast stein under.



Figur 36 Profilvegg i austleg profilvegg i sjakt 3, like ved der funnet vart gjort



Figur 37 Teikning av profilvegg i sjakt 3

Det vart prøvestikke rundt bergknausen, då dette ville vore ein naturleg kontekst å relatere avslaget til. Sjakt 3 vart utvida, og det vart nytta om lag to dagsverk på å leite etter meir littisk materiale her.

Det vart ikkje gjort fleire funn, korkje i prøvestikka eller i sjaktene. Avslaget vert difor liggande som eit lausfunn/funnstad utan vern. Denne slutninga er gjort i dialog mellom Leif Inge Åstveit (forskar ved Universitetsmuseet i Bergen), Per Christian Burhol (sakshandsamar ved Vestland Fylkeskommune) og underteikna.



*Figur 38 Raud markør plassert der avslaget vart funne. Foto tatt før utviding av sjakta. Foto mot vest*



*Figur 39 Sjakt 3 etter utviding. Foto mot nord*

## 7. Tolking

Dateringsresultata i lokalitet 336156 viser at strukturane og dyrkingslaget høyrer til eldre jernalder. Dette er i kontrast til tolkingane som vart gjort under feltarbeidet. Strukturane vart med det tolka som delar av eit busetjings- eller aktivitetsområde frå perioden førromersk jernalder-ynge romartid. Truleg er det fleire tilsvarande strukturar rundt om i lokaliteten på den aktuelle flata. Strukturane som vart funne er truleg anlagt på toppen av den porøse singelen. Dei er då grave ned gjennom singelen og så vidt ned i den kompakte grusen under. Dette betyr at strukturane som vart påvist, truleg i hovudsak fjerna og at vi berre har observert botn av dei. Flintbitane som vart funne i toppen av singel-laget kan med det tolkast inn i ein kontekst saman med strukturane og dateringsresultata.

Under undersøkingane vart singel-laget som ligg like under torva, funne i heile planområdet. Det er lite truleg at laget er redeponert (altså påført i moderne tid). Under registreringa var hovudteorien at laget har kome som eit resultat av tapestransgresjonen, at sjøen har stått høgare og lagt ifrå seg eit vassrulla singel-lag når det har trekt seg tilbake mot dagens havnivå.

Dette ville korrelert fint ved at det er funne littisk materiale i toppen av laget i både lokalitet 336153 og 336156. Det fossile dyrkingslaget i lokalitet 336156 datert til førromarsk jernalder som ligg under singel-laget vanskeleggjer denne tolkinga. Flateretusjeringsavslaget i lokalitet 336180 bryt og med denne tolkinga.

## 8. Oppsummering

Den arkeologiske registreringa i samband med forslag til regulering for fv. 5662, Værlandet ferjekai i Askvoll kommune vart gjennomført i perioden 27.-31. oktober 2025. Registreringa resulterte i funn som kjem inn under § 4 i kulturminnelova om automatisk freda kulturminne. Funna bestod av to busetjings- og aktivitetsområde frå neolitikum og eldre jernalder. Lokalitetane er automatisk freda og registrert i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden, med id. 336153 og 336156. I tillegg vart det registrert to funnstader som ikkje har automatisk freding, desse har id. 336158 og 336180.

# Litteratur

Kulturminneloven. 1978. Lov om kulturminner (LOV-1978-06-09-50). Lovdata.  
<https://lovdata.no/lov/1978-06-09-50>

Pedersen J. 2002 Isavsmeltningshistorie og havnivåendringer på Værlandet, nord for munningen av Sognefjorden. Masteroppgåve. Institutt for geovitenskap, Uinversitetet i Bergen

Den nasjonale kulturminnedatabase «Askeladden» ([Askeladden.ra.no](http://Askeladden.ra.no)).

# Vedlegg

## A. Sjaktliste

Sjakt nr.	Status	Skildring
1	Sjakt negativ	0-10 torv. 10-15 singel. 15-25 matjord. Under dette er pukkliknande undergrunn. To veiter på skrå.
2	Sjakt negativ	0-10 torv. 10-15 singel. 15-25 matjord. 25-50 brun grus og stein. 50-70 fin sand. 70-75 brun, humøs silt med organisk materiale. 75-85 grå, grov sand. 85-100 grå singel og silt. Berg under
4	Sjakt negativ	12 cm nøyaktighet. Sjakta er 83 cm djupast. 70 cm høg profil. 0-17 cm myrtorv, 17-34 cm mørkebrun torvhaldig myrmasse, 34-40 cm mørkebrun, fuktig silt, 34-57 cm lysebrun, fuktig og myrhaldig silt, 57-70 cm grå sand m mykje småstein I.
6	Sjakt negativ	
8	Sjakt negativ	Berg I V halvdel. 40 cm djupt.
5	Sjakt negativ	
7	Sjakt negativ	
3	Sjakt positiv	
10	Sjakt negativ	
9	Sjakt positiv	
11	Sjakt positiv	
13	Sjakt positiv	
14	Sjakt positiv	
12	Sjakt negativ	
15	Sjakt positiv	
16	Sjakt positiv	Berg i sv. Mellom 10 og 30 cm djupt i midtre og sv del. Ca. 5 m inni sjakta fra sv mot na vert sjakta gradvis djupare ned til ca. 50 cm. Same steinlagsmassar som i sjakt 14 i midtre og sv del. Mørkbrun silt innblanda mykje småstein og grus. I na

		del kor Kor det går det går djupare er det mykje fuktigare og steinene i massane her er større og lik dei som er sjak 14 heilt i austleg del kor massane vart kjøpere. Det vart ikkje grave lengre mot na pga det dukka opp nokre store steinar her og det var veldig fuktig. Mogleg snakk om veite.
<b>18</b>	Sjakt negativ	Opptil 60 cm djupt. Mørk grå silt og grus
<b>17</b>	Sjakt negativ	Opp til 60 cm djupt. I nordleg del er det rett ned på berg. I midtre og sørleg del er ca. 40-50 med myr ned på eit veldig fuktig tettpakka steinlag med nevestore stein. Går ei veite i sørleg del. Undergrunnen er ikkje det damme steinlaget som dei funnførande sjaktane

## B. Prøvestikkliste

Prøvestikknr.	Status	Skildring
RET9	Prøvestikk negativ	Skildring manglar
RET8	Prøvestikk negativ	0 til 11 cm torv, 11 til 40 cm mørkbrun silt, 40 til 50 cm mørkbrun silt med mykje! Småstein.
RET7	Prøvestikk negativ	0 til 10 cm torv, 10 til 20 cm veldig mørkbrun silt med noko stein, 20 til 35 cm likt som laget over berre med mykje meir stein. Same type stein som i resten ps og sjaktene men her er dei noko større
RET6	Prøvestikk negativ	0 til 5 cm torv, 5 til 18 cm mørkbrun silt med noko småstein, 18 til 36 cm mørkbrun silt med mykje! Småstein
RET5	Prøvestikk negativ	0 til 8 cm torv, 8 til 24 cm mørkbrun silt med noko småstein, 24 til 40 cm brun silt med mykje! småstein
RET4	Prøvestikk negativ	0 til 8 cm torv, 8 til 24 cm mørkbrun silt med noko småstein, 24 til 30 cm tettpakka med småstein innblanda noko brun silt. Veldig kompakt. I botn av laget vart det meir kompakt og større stein.
RET3	Prøvestikk negativ	0 til 10 cm torv, 10 til 25 cm veldig mørkbrun kompakt silt. 25 til 40 cm tettpakka med småstein med noko brun silt. Ekstremt kompakt
RET2	Prøvestikk positiv	0 til 10 cm torv, 10 til 23 cm veldig mørk brun kompakt silt med ein del småstein, 23 til 45 cm tettpakka med småstein og noko mørkbrun silt. Ekstremt kompakt og oppfattast som aur?
RET1	Prøvestikk negativ	0 til 10 cm torv, 10 til 20 cm veldig mørkbrun til svart kompakt silt med ein del småstein, 20 til 50 cm tettpakka med grøn stein. Vanskeleg å grave i
LJB1	Prøvestikk positiv	Sildring manglar
AS9	Prøvestikk negativ	40x40 cm, 28 cm djupt. 0-11 cm torv, 11-28 cm mørkebrun, fuktig silt m mykje stein (småstein og opp til 12x18 cm store). Berg I botn.
AS8	Prøvestikk negativ	55x40, måtte utvide pga røter. 27 cm djupt. 7 cm torv, 7-27 cm mørkebrun silt m mykje småstein I. Masse røter. Berg I botn.
AS7	Prøvestikk negativ	40x40, 43 cm djupt. 0-22 cm myrtorv, 22-40 cm mørkebrun, fuktig, myrhaldeg/torvhaldig silt. 40-43 cm mørkegråbrun sand før berg I botn. Generelt mykje småstein I sticket. Fyller seg svært raskt opp med vatn. Omr her er myr, og det renn vatn over alt.
AS6	Prøvestikk negativ	40x45 cm stort. 0-24 cm myrtorv, 24-36 cm mørkebrun, fuktig silt m ein del småstein, 36-

		45 grå stein- og siltlag, 45-60 cm mørkebrun myrhaldeg silt, pipla opp så mykje vatn nedanfrå at det er umogleg å grave vidare. Massane berre skli av spaden/ausekaret.
<b>AS5</b>	Prøvestikk negativ	40x40 cm stort, 30 cm djupt. 11 cm torv, 11-30 cm mørkebrun silt m mykje stein og røter l. Berg l botn. Krevjande å grave pga masse, tjukke røter.
<b>AS4</b>	Prøvestikk negativ	40x30 cm, 28 cm djupt. Masse røter, krevjande å grave. 0-10 cm torv, 10-30 cm brun, fuktig silt m mykje småsteinar i. Berg l botn.
<b>AS3</b>	Prøvestikk negativ	40x40cm, 35 cm djupt. 10 cm torv, 10-35 cm brun, fuktig silt m mykje småstein i seg. Piplar opp vatn over alt. Berg l botn.
<b>AS10</b>	Prøvestikk negativ	40x40, 39 cm djupt. 0-9 cm torv, 9-17 cm mørkebrun, torvhaldig silt, 17-39 cm mørkebrun siltig steinlag (same som l sjaktene).
<b>AS1</b>	Prøvestikk negativ	43x43. 47 cm djupt. 0-9 cm torv, 9-30 cm mørkebrun myrmasse m mykje stein og tjukke røter l. Resten mørkebrun, myrhaldeg silt m mykje småstein l. Berg/jordfast stein l NA hjørne. Renn veldig mykje vatn inn frå SV hjørne, likner ei veite, men det er ulogisk oppå her. Men likevel krevjande å grave vidare pga vatn og berg/stein. Øvste ca 18 cm: ein del porselen og plastikk.

## C. Funnliste

ID	Kvadrant	Mekanisk lag	Gjenstand	Materiale	Antall	Varme-påverka	L	Stm	Skildring	Museumsnr.	Unr.
336153	LJB 1	14-20	avslag	mørk kvartsitt	1			1,2		B19572	16
336153	LJB 1	24-29 cm	tangespiss av a-typen	flint	1			2,8		B19572	1
336153	RET 2	23-33 cm	pimpstein med fure	pimpstein	1			3,5		B19572	11
336153	sjakt 14 A		bipolar kjerne	Kvartsitt (Melkekvarst)	1			2,8		B19572	12
336153	sjakt 14 A		avslag	Kvartsitt (Melkekvarst)	1				ørliten "mikroflekke" neppe intensjonell, bipolar avspaltet	B19572	
336153	sjakt 14 A		flekkelignende avslag	Kvartsitt (Melkekvarst)	1		0,9			B19572	14
336153	sjakt 14 A		skraperfragment	Kvartsitt (Melkekvarst)	1			1,5	og stikkel	B19572	2
336153	sjakt 14 B		avslag	grå mylonitt	1			2,2	vitret	B19572	16
336153	sjakt 14 B		avslag med retusj	grå kvartsitt	1					B19572	9
336153	sjakt 14 B		kjernefragment	grå kvartsitt	1			2,5		B19572	13
336153	sjakt 14 B		biter	kvarts	2			1,5		B19572	17
336153	sjakt 14 D		avslag med retusj	Kvartsitt (Melkekvarst)	1			1,5	stikkelslitasje	B19572	7
336153	sjakt 14 F		kjernefragment	mylonitt	1			3,4		B19572	13
336153	sjakt 14 F		flekkelignende avslag med retusj	rhyolitt	1		2,6		flekkelignende avslag	B19572	5

ID	Kvadrant	Mekanisk lag	Gjenstand	Materiale	Antall	Varme-påverka	L	Stm	Skildring	Museumsnr.	Unr.
336153	sjakt 14 F		retusjert fragment	flint	1			1,2	ubestemelig fragment, tange, bor, skraper..	B19572	6
336153	sjakt 14 G		skrapar	grønn kvartsitt	1			4,8		B19572	4
336153	sjakt 14 I		avslag fra flatretusjering/hugging	flint	1			0,7		B19572	15
336153	sjakt 14 I		avslag fra flatretusjering/hugging	kvartsitt	1			0,6		B19572	15
336153	sjakt 14 I		avslag	blå mylonitt	1					B19572	
336153	sjakt 15		avslag av slipt gjenstand	skifer	1			4,2	mogleg eggfragment av kniv?, porøst materiale.	B19572	10
336153	sjakt 15		avslag	kvarts	1			0,6		B19572	16
336153	sjakt 15		avslag med retusj	Kvartsitt (Melkekvarts)	1			1,4	stikkelslitasje	B19572	7
336153	Sjakt 16 A		bipolar kjerne	flint	1			1,1	sylytynn	B19572	12
336153	Sjakt 16 A		avslag	kvartsitt	1			1,4		B19572	16
336153	Sjakt 16 A		skrapar	kvarts	1			2,3	skraparegg på sida av bipolar kjerne.	B19572	3
336153	Sjakt 16 A		avslag fra flatretusjering/hugging	flint	1					B19572	15
336153	Sjakt 16 B		avslag med retusj	kvartsitt	1			4	kniv""	B19572	8
336156	sjakt 9 F2		eldflint	flint	1	1		2,7		B19573	1
336156	sjakt 9 F3		biter	flint	1	1		1		B19573	2

ID	Kvadrant	Mekanisk lag	Gjenstand	Materiale	Antall	Varme-påverka	L	Stm	Skildring	Museumsnr.	Unr.
336156	sjakt 9 F4		biter	flint	1			1,2	vassrulla	B19573	3
336156	sjakt 11		biter	bein	2	2		1,7		B19573	4
336158	Sjakt 13 F5		skrapar	kvartsitt	1			3,5		B19574	1
336158	Sjakt 13 F6		kjernefragment	mylonitt	1			3		B19574	2
336158	Sjakt 13 F7		avslag med retusj	kvartsitt	1			2,4		B19574	3
336158	Sjakt 13 F7		avslag	kvartsitt	1			1		B19574	4
336158	Sjakt 13 F7		avslag	kvartsitt	1			1		B19574	5
336180	sjakt 3 F1		avslag fra flatretusjering/hugging	flint	1			0,5		B19575	1



# D. Dateringsrapport



ISO/IEC 17025:2017-Accredited Testing Laboratory

Beta Analytic, LLC  
4985 SW 74th Court  
Miami, FL 33155 USA  
Tel: (305) 667-5167  
info@betalabservices.com

## REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSIS

Submitter **Lars jølle Berge**

Received Date **December 1, 2025**

Company **Vestland fylkeskommune**

Report Date **January 14, 2026**

Laboratory Number **Beta-788099**

Sample Code **336156KP1**

To validate report, scan this QR code on a mobile device or go to <https://verify.betalabservices.com> and enter the requested information.



Conventional Radiocarbon Age **1720 +/- 30 BP**

Ratio of Stable Isotopes **IRMS  $\delta^{13}C$ : -26.16  $\pm$  0.30 o/oo**

### 95.4% Probability Calibrated Range(s)

(67.7%) **309 - 412 cal AD (1641 - 1538 cal BP)**

(27.7%) **250 - 295 cal AD (1700 - 1655 cal BP)**

Submitter Material **Charcoal**

Pretreatment **(Charred material):acid/alkali/acid**

Analyzed Material **Charred material**

Analysis Service **AMS-Standard Delivery**

Percent Modern Carbon **80.73 +/- 0.30 pMC**

Fraction Modern Carbon **0.8073 +/- 0.0030**

$\delta^{14}C$  **-192.75 +/- 3.01 o/oo**

$\Delta^{14}C$  **-200.13 +/- 3.01 o/oo (1950:2026)**

Measured Radiocarbon Age **(without  $\delta^{13}C$  correction): 1740 +/- 30 BP**

Calibration **BetaCal 5.0: High Probability Density Range Method: INTCAL20**

Results are ISO/IEC-17025 accredited. All work was done at Beta in-house NEC accelerator mass spectrometers and 4 Thermo IRMSs. The "Conventional Radiocarbon Age" was calculated using the Libby half-life (5568 years), is corrected for total isotopic fraction and was used for calendar calibration where applicable. The Age is rounded to the nearest 10 years and is reported as radiocarbon years before present (BP), "present" = AD 1950. Results greater than the modern reference are reported as percent modern carbon (pMC). The modern reference standard was 95% the  $^{14}C$  signature of NIST SRM-4990C (oxalic acid). Quoted errors are 1-sigma counting statistics. Calculated sigmas less than 30BP on the Conventional Radiocarbon Age are conservatively rounded up to 30.  $\delta^{13}C$  values are on the material itself (not the AMS  $\delta^{13}C$ ).  $\delta^{13}C$  and  $\delta^{15}N$  values are relative to VPDB. References for calendar calibrations are cited at the bottom of calibration graph pages.

**REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSIS**

Submitter <b>Lars jølle Berge</b>	Received Date <b>December 1, 2025</b>	 <p>To validate report, scan this QR code on a mobile device or go to <a href="https://verify.betalabservices.com">https://verify.betalabservices.com</a> and enter the requested information.</p>
Company <b>Vestland fylkeskommune</b>	Report Date <b>January 14, 2026</b>	
Laboratory Number <b>Beta-788100</b>		
Sample Code <b>336156KP2</b>		

Conventional Radiocarbon Age **2180 +/- 30 BP** Ratio of Stable Isotopes **IRMS δ13C: -27.98 ± 0.30 o/oo**

**95.4% Probability Calibrated Range(s)**

**(94.2%) 362 - 149 cal BC (2312 - 2099 cal BP)**  
**(1.2%) 130 - 119 cal BC (2080 - 2069 cal BP)**

Submitter Material	Charcoal
Pretreatment	(Charred material):acid/alkali/acid
Analyzed Material	Charred material
Analysis Service	AMS-Standard Delivery
Percent Modern Carbon	76.23 +/- 0.28 pMC
Fraction Modern Carbon	0.7623 +/- 0.0028
D14C	-237.68 +/- 2.84 o/oo
Δ14C	-244.65 +/- 2.84 o/oo (1950:2026)
Measured Radiocarbon Age	(without d13C correction): 2230 +/- 30 BP
Calibration	BetaCal 5.0: High Probability Density Range Method: INTCAL20

Results are ISO/IEC-17025 accredited. All work was done at Beta in-house NEC accelerator mass spectrometers and 4 Thermo IRMSs. The "Conventional Radiocarbon Age" was calculated using the Libby half-life (5568 years), is corrected for total isotopic fraction and was used for calendar calibration where applicable. The Age is rounded to the nearest 10 years and is reported as radiocarbon years before present (BP), "present" = AD 1950. Results greater than the modern reference are reported as percent modern carbon (pMC). The modern reference standard was 95% the 14C signature of NIST SRM-4990C (oxalic acid). Quoted errors are 1-sigma counting statistics. Calculated sigmas less than 30BP on the Conventional Radiocarbon Age are conservatively rounded up to 30. d13C values are on the material itself (not the AMS d13C). d13C and d15N values are relative to VPDB. References for calendar calibrations are cited at the bottom of calibration graph pages.

**BetaCal 5.0**  
**Calibration of Radiocarbon Age to Calendar Years**  
 (High Probability Density Range Method: INTCAL20)


(Variables: d13C = -26.2 o/oo)

**Beta-Laboratory Number 788099**

**Conventional Radiocarbon Age (BP) 1720 +/- 30 BP**

95.4% Probability Calibrated Range(s)		
(67.7%)	309 - 412 cal AD	(1641 - 1538 cal BP)
(27.7%)	250 - 295 cal AD	(1700 - 1655 cal BP)
68.2% Probability Calibrated Range(s)		
(44.1%)	329 - 382 cal AD	(1621 - 1568 cal BP)
(18.7%)	258 - 280 cal AD	(1692 - 1670 cal BP)
(3.2%)	397 - 402 cal AD	(1553 - 1548 cal BP)
(2.1%)	388 - 391 cal AD	(1562 - 1559 cal BP)

**336156KP1**



**Database Used**  
 INTCAL20

**References**

**References to Probability Method**

Bronk Ramsey, C. (2009). Bayesian analysis of radiocarbon dates. Radiocarbon, 51(1), 337-360.

**References to Database INTCAL20**

Reimer, et al., 2020, Radiocarbon 62(4): 725-757.


**BetaCal 5.0**  
**Calibration of Radiocarbon Age to Calendar Years**  
 (High Probability Density Range Method: INTCAL20)

(Variables: d13C = -28 o/oo)

**Beta-Laboratory Number 788100**  
**Conventional Radiocarbon Age (BP) 2180 +/- 30 BP**

95.4% Probability Calibrated Range(s)		
(94.2%)	362 - 149 cal BC	(2312 - 2099 cal BP)
(1.2%)	130 - 119 cal BC	(2080 - 2069 cal BP)
68.2% Probability Calibrated Range(s)		
(41.6%)	351 - 287 cal BC	(2301 - 2237 cal BP)
(22.7%)	208 - 172 cal BC	(2158 - 2122 cal BP)
(4.0%)	227 - 219 cal BC	(2177 - 2169 cal BP)

**336156KP2**



**Database Used**

INTCAL20

**References**

**References to Probability Method**

Bronk Ramsey, C. (2009). Bayesian analysis of radiocarbon dates. Radiocarbon, 51(1), 337-360.

**References to Database INTCAL20**

Reimer, et al., 2020, Radiocarbon 62(4): 725-757.

## Quality Assurance Report

This report provides the results of reference materials used to validate radiocarbon analyses prior to reporting. Known-value reference materials were analyzed quasi-simultaneously with the unknowns. Results are reported as expected values vs measured values. Reported values are calculated relative to NIST SRM-4990C and corrected for isotopic fractionation. Results are reported using the direct analytical measure percent modern carbon (pMC) with one relative standard deviation. Agreement between expected and measured values is taken as being within 2 sigma agreement (error x 2) to account for total laboratory error.

**Report Date** January 14, 2026  
**Submitter** Lars jølle Berge

### QA MEASUREMENTS

#### Reference 1

Expected Value 23.05 +/- 0.20 pMC  
Measured Value 23.22 +/- 0.12 pMC  
Agreement Accepted

#### Reference 2

Expected Value 0.44 +/- 0.04 pMC  
Measured Value 0.44 +/- 0.04 pMC  
Agreement Accepted

#### Reference 3

Expected Value 95.86 +/- 0.37 pMC  
Measured Value 95.98 +/- 0.24 pMC  
Agreement Accepted


**Comment** All measurements passed acceptance tests.

**Validation**



Digitally signed by R.E. Siefert

**Date** January 14, 2026



vestlandfylke.no